



KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2155

Uttale med referat frå dialogmøte - reguleringsplan - Kvinnherad - Fv 49 Nordrepollen - Austrepollen

Vi viser til brev frå Kvinnherad kommune av 23.01.2026. Saka gjeld uttale og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Fv. 49 Nordrepollen – Austrepollen i Kvinnherad. Statsforvaltaren fekk i e-post av 08.05.2026 utsett frist i saka til 15.05.2026.

Jamfør plan- og bygningslova (pbl.) § 5-4 kan Statsforvaltaren fremme motsegn til reguleringsplanar dersom planforslaget er i strid med føresegn i lov, forskrift, statleg planretningslinjer, statleg eller regional planføresegn eller overordna plan.

Statsforvaltaren har vesentlege merknader til planforslaget, og nokre av dei er av ein karakter som gir grunnlag for motsegn til planen.

Formål og bakgrunn

I oversendingsbrevet ved høyring og utlegging til offentleg ettersyn skriv kommunen at detaljregulering for Nordrepollen – Austrepollen har som formål å sikre tryggare og betre framkomst på strekninga mellom Nordrepollen og Austrepollen. Bakgrunnen er at dagens veg er smal, har dårleg kurvatur og er svært utsett for skred.

Hovudtiltaket er ein ny tunnel på om lag 3,5 km. Planen inkluderer også rigg- og deponiområde, samt tilbakeføring av eksisterande veg til LNRF-formål (landbruk, natur og friluftsliv). Planarbeidet er utført i samarbeid med Statkraft og Statnett, knytt til deira utbyggingsplanar i Austrepollen.

Fleire alternative tunneltraséar har vore vurderte gjennom eit forprosjekt som var ferdig juni 2021. Etter geologiske og tekniske vurderingar er det berre alternativet B–G/GI som er vidareført til full konsekvensutgreiing. Dei andre alternativa vart forkasta, mellom anna på grunn av skredfare og dårlege grunnforhold

Planområdet omfattar no ny tunnelstrekning med tilhøyrande omlegging av veg, og ny bru over Austrepollleiva. Planområdet omfattar også 3 deponiområde, portalområde og rigg- og



anleggsområde, og dagens veg langs fjorden som tilbakeførast til LNRF-føremål.



Kart over planområdet og tiltak

Vår vurdering av planforslaget

Vi vil i det følgende peike på nokre større utfordringar med planen slik den ligg føre.

Heilskapleg og berekraftig masseforvaltning

Det er knytt nasjonale interesser til heilskapleg og berekraftig masseforvaltninga i plan. Overskotsmassar frå byggje- og anleggsprosjekt er definert som næringsavfall, jf. forureiningslova §§ 27 første ledd og 27a andre ledd. Føremålet med reglane er å unngå at disponering av overskotsmassar fører til skade på miljøet, og samstundes legg til rette for at ressursane blir nytta på best mogleg vis og på ein føreseieleg måte. Utgangspunktet er å planleggje for reduksjon av overskotsmassar. I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, er det i punkt 44 vist til:

«Heilskapleg masseforvaltning blir avklart i regionale og kommunale planar. Planar for større byggje- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis nødvendig areal til handteringa skal sikrast. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning blir vurdert, og ein bør prøve å oppnå massebalanse».

Vidare viser vi også til det som går fram av statlege planretningslinjer for klima og energi når det gjeld avsnitt 4.3 bokstav j. Planforslag som ikkje i nødvendig grad avklarar omfang og vurderer moglegheita for gjenvinning av overskotsmassar, kan danne grunnlag for motsegn for å ivareta nasjonale interesser, jf. nyleg revidert rundskriv (2025) T-2/16, avsnitt 3.5. Ein føresetnad her er at det først og fremst gjeld naturlege jord- og steinmassar som ikkje er forureina over normverdien (jf. forureiningsforskrifta kap. 2, vedlegg 1) eller inneheld framande skadelege artar, jf. rettleiar M-1243 *Disponering av jord og stein som ikkje er forureina*.



Etter vårt syn er massehandtering for generelt og ikkje tilstrekkeleg omtalt, og det er behov for vidare konkretisering, sjå nærare grunngevinga som følgjer under. Sentralt her vil også vere at forureiningsproblemstillingar er tilstrekkeleg avklart i plan.

Forureiningslova § 2 nr. 2 viser til at forureiningsmyndighetene skal samordne si verksemd med planmyndighetene, slik at plan- og bygningslova saman med forureiningslova blir brukt for å unngå eller hindre forureining og avfallsproblem. Massar som er forureina utløyser særskilde problemstillingar som må løysast på anna vis etter forureiningsregelverket, sjå under.

Det er knytt nasjonale interesser til at slike utfordringar i tilstrekkeleg grad blir avklart i plan, noko som har vorte konkretisert tydeleg over dei siste åra og seinast i rundskriv T-2/16, avsnitt 3.3 og ny nasjonal rettleiar for berekraftig massehandtering (2026). Vesentlege verknader for miljø og samfunn skal klargjerast og avklarast i plan, jf. pbl. § 4-2. Vi viser også til dei særskilde krava som er stilt til gjennomføring av konsekvensutgreiingar som går fram av konsekvensutgreiingsforskrifta kap. 5. Det sentrale her er å klargjere og skildre dei faktorane som kan bli påverka, og at ein vurderer vesentlege verknader for miljø og samfunn i plan.

I grunngevinga som følgjer peiker vi på at det er sentralt å klargjere problemstillingar knytt til moglege forureiningsutfordringar. Vi meiner at manglande klargjering av desse problemstillingar har reelle følgjer for planen. Saka er difor ikkje i tilstrekkeleg grad opplyst, jf. forvaltningslova § 17. Vidare viser vi til at dersom planforslaget er i strid med føresegnar i lov eller forskrift, kan dette danne grunnlag for motsegn på sjølvstendig grunnlag.

Alternativvurderingar av deponiområder

Vi saknar omtale og vurderingar knytt til ulike deponiområde og løysingar som har stor negativ verknad. Dette er særleg aktuelt i denne saka, då planforslaget mellom anna legg opp til massedeponi på areal med svært store naturverdiar. Vi viser til forskrift om konsekvensutgreiingar § 19, andre ledd:

«Konsekvensutredningen skal også redegjøre for de alternativene til utforming, teknologi, lokalisering, omfang og målestokk som forslagsstilleren har vurdert, og en utredning av relevante og realistiske alternativer. Valget skal begrunnes mot de ulike alternativene, og sammenligninger av virkningene for miljø og samfunn av de ulike alternativene skal fremgå.»

Kommunen må vurdere og synleggjere alternative vurderingar knytt tiltak som vil gje stor eller svært stor negativ verknad. Dette gjeld særleg deponi i Kaldaholet, som Statsforvaltaren er svært negativ til (sjå under).

Deponering oppå eldre massemttak

Det er planlagt deponi oppå eldre eksisterande deponi. Det vil vere fare for at slike eldre massemttak inneheld forureining. Innhaldet av forureining i mottatte massar må kartleggjast for å avklare eventuelle behov for tiltak før området kan regulerast til massedeponi. Dette er fordi det kan ha tyding for planlagt arealbruk. Det er difor viktig at planforslaget omtaler eksisterande deponi og kva for masser som er lagra der.

Massedeponi

Det bør setjast fristar for ferdigstilling og avslutning av deponia, og takast med føresegn om oppbygging til landbruksareal på toppen. Oppfyllingstida bør gjerast kortast mogleg, og topplaget byggjast opp slik at det er best mogleg eigna for landbruk. Det bør vurderast om ein kan fyller opp og



avslutte delområde trinnvis for å redusere utvasking av forureining og eventuelle ulemper for landbruket.

Det bør gå fram kva for reinseevne planlagde reinsebasseng har. Det er planar om knusing av stein ved dei fleste deponiområda, og då vil krava til utslepp av suspendert stoff til vatn uansett gjelde (50 mg/l suspendert stoff). Dette er også krav som vert sett til deponi/mottak for jord og stein som ikkje er forureina. Det bør difor setjast av tilstrekkeleg areal til reinsebasseng slik at utsleppet kan oppnå 50 mg/l SS. Det bør vurderast om det bør setjast utsleppsgrenser for suspendert stoff frå deponia i reguleringsføresegnene.

Massehandteringsplan

Massehandteringsplan bør vere ein del av dokumenta som følgjer planen, og ikkje utsetjast til entreprenør. Massehandteringsplanen må høyrast som del av planen. Den må følgje prosjektet og leggjast til grunn for entreprenøren sitt arbeid med massar, slik det er lagt til grunn i Oslo kommune sin rettleiar for massehandtering.

Handsaming etter forureiningslova

Anleggsarbeida og massedeponia må regulerast med løyve etter forureiningslova.

Støy

Det er utarbeidd ei støyutgreiing i saka (Rambøll 26.06.2025) Denne gjer mellom anna greie for støytilhøve knytt til nytt veganlegg. Støyutgreiinga manglar vurdering av støy frå steinknusing. Steinknusing er heller ikkje omtala eller regulert i plandokumentata slik vi kan sjå. Dette er ein vesentleg mangel i planforslaget.

Manglande eller mangelfull støyutgreiing vil kunne føre til motsegn til planen, jamfør T-2/16 Miljøforvaltningens innsigelsespraksis, punkt 3.1. Støyutgreiing knytt til støy frå steinknuseverk i samband med massedeponi må difor utarbeidast. Anna forureining frå steinknuseverk, til dømes støv, må òg vurderast i reguleringsplanen. Naudsynte avbøtande tiltak må innarbeidast i føresegna.

Naturmangfald

Naturen med det biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfaldet, og økologiske prosessar skal takast vare på gjennom berekraftig bruk og vern, jf. naturmangfaldlova (nml.) § 1. Prinsippa i nml. §§ 8 til 12 om kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning, skal leggjast til grunn for arealplanlegginga, jf. nml. § 7.

Det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing for naturmangfald (Rambøll desember 2025). Konsekvensutgreiinga viser samla svært stor negativ konsekvens for naturmangfald. Fleire av dei ulike tiltaka har vidare svært stor negativ konsekvens for naturmangfald.

Stor konflikt med naturmangfald kan føre til motsegn til planen, jamfør T-2/16 Miljøforvaltningens innsigelsespraksis, punkt 3.8. Vi ber difor om utgreiing av relevante alternativ. Dette gjeld særleg for tiltak som vil gje stor og svært stor negativ verknad for naturmangfald, til dømes deponiet i Kaldaholet. Vi saknar vidare vurderingar av avbøtande tiltak for å vareta naturmangfald i (langt) større grad i planen.

Statsforvaltaren er svært uroa for dei negative verknadene planforslaget vil gje for naturmangfald. Vi er ikkje ueinig i at sjølve tunellen er eit tiltak med stor samfunnsnytte, men deponi og andre



tilhøyrande tiltak er ikkje i like stor grad av stor samfunnsnytte. Planen må difor i langt større grad vareta naturmangfald.

Vassdrag

Fleire vassdrag vert påverka av tiltaka i planen, både i anleggsfasen og driftsfasen. Vassdraga har førekomst av anadrome artar, og det ikkje er klassifisert kjemisk tilstand i vassdraga. Det er avgjerande at det vert valt miljøtilpassa løysingar i planen som sikrar at økologien i vassdraga vert teke vare på. Dette må sikrast i føresegnene.

Vi viser òg til forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta), som stiller krav om at overflatevassførekomstar skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. Økologisk og kjemisk tilstand skal ikkje forverrast som følgje av gjennomførte tiltak. Det ligg føre eit avgrensa grunnlag for å klassifisere dagens tilstand for de fleste vassførekomstane innanfor planområdet, og vurderinga er derfor prega av usikkerheit. Ein må difor få på plass eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag som eit utgangspunkt. Vi viser til anerkjent metode i M-1941 kap. 2, Vassmiljø og naturmangfald i vassdrag.

Dersom planen til dømes kan hindre at miljømåla nås, må ansvarleg myndigheit (kommunen) gjere ein vurdering av om vilkåra i § 12 er oppfylt før det fattast ein avgjerd i saka. Vi viser til ny rettleiar for vassmiljø i arealplanlegging frå Miljødirektoratet.

Jamfør T-2/16 *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis*, punkt 3.14 skal motsegn vurderast når planforslaget kan komme i konflikt med miljømåla i godkjent regional vassforvaltningsplan, jamfør vassforskrifta §§ 4 til 8 eller krava i vassforskrifta § 12 for å tillate ny aktivitet og nye inngrep i strid med miljømåla.

Landbruk og jordvern

Planframlegget og vegløysinga ser ut til å ta omsyn til jordbruksareala og landbruksdrifta i Nordre- og Austrepollen, nærast så langt mogleg, med dei topografiske og arronderingsmessige utfordringane som ligg der. Regulering av næringsområde på gnr/bnr 56/1 er i samsvar med gjeldande, overordna plan. Føreslått deponi i Kaldaholet er korkje regulert eller avsett i kommuneplan, medan deponiområdet på Veasteinane inngår i detaljregulering for Fv. 551 Kroka – Sundal.

Konsekvensutgreiinga for landbruk og jordvern framstår likevel utilstrekkeleg, då den primært er basert på enkelt graderte, kvalitative framstillingar av jordbruksareal i planområdet, og ikkje kvantifiserer dei faktiske arealkonsekvensane av planen.

Jordbruksareal til vegføremål (permanent) og anleggsområde (meir eller mindre midlertidig) er rett nok kvantifisert til høvesvis rundt 15 og 27 daa hovudsakeleg fulldyrka areal i tabell sist under 8.3.4 i konsekvensutgreiinga i kap. 8 i planskildringa. Men det synast usikkert om permanent omdisponering av jordbruksareal til næringsføremål (7 daa) er rekna med, her manglar anslag på kor mykje av anleggsområda som vil bli tilbakeført til jordbruksareal (fulldyrka, eller også overflatedyrka/innmarksbeite, avhengig av helling, jorddjupne mm. for å avgrense jordvernkonsekvens), og ikkje minst er omdisponeringspotensialet (og evt. tilbakeført/avbøtande areal) i deponiområda i Kaldaholet og på Veasteinane utelatt.

Dersom det ikkje vert planlagt jordbruksareal i deponiområda kan desse i realiteten innebere omdisponering av ytterlegare over 30 daa registrert jordbruksareal, derav rundt 12 daa full- og overflatedyrka jord i rimeleg god hevd. Totalt omdisponeringspotensiale for jordbruksareal i planen kan dimed vere opp mot 60 daa, eller 7-12 gonger den årlege omdisponeringsrata ein i Kvinnherad bør halde seg innanfor, dersom kommunen skal bidra til måloppnåing for nasjonalt og regionalt



jordvernmål, ref. Statsforvaltaren sitt brev til kommunane 17.12.24 *Regionalt jordvernbrev 2024 - Jordbruksareal i planlegging og sakshandsaming* (24/1853).

Det ligg heller ingen føringar for tilbakeføring/reetablering eller nydyrking av jordbruksareal på deponia i føresegnene, sjølv om det på eksisterande deponi i Kaldaholet allereie er slutført om lag 10 daa fulldyrka jord (kor av 4 av desse vert dekkja av vidare deponering), og det i gjeldande reguleringsplan for Veasteinane (detaljregulering for Fv. 551 Kroka – Sundal) er føresegnsfesta gjenbruk av matjord «til forbetring av eksisterande jordbruksareal» (§2.4) og tilbakeføring «til landbruk» (§9.2).

«Landbruk» er elles ei upresis nemning, i motsetnad til «jordbruk» eller «jordbruksareal». Denne planen si uttale om at deponia «skal først attende til landbruksformål» i planskildringa 7.9 er såleis også utydeleg og i praksis uforpliktande utover enkel jordoverdekning.

Matjord frå deponiområda må også gjenbrukast til jordbruksføremål, jf. føresegner §2.3.3. Dette inneber ein relativt stor konsekvens, og omfanget av matjordmassar som vert råka og må handterast og omdisponerast, må dimed også ventast kvantifisert (anslått). Dette kan utgjere fleire titals tusen kubikkmeter, og dermed tilpassing, forbetring eller nydyrking av enno fleire titals dekar jordbruksareal (basert på td. 20-100 cm jorddjupne). Omfanget av matjord som må handsamast i prosjektet må inngå i ein masserekneskap for planen, som omtala anna stad i denne fråsegna.

Sjølv om ein i §2.8.4 føresegnsfester krav om «korleis all matjord skal takast vare på og nyttast til matproduksjon» gjennom ein rigg- og marksikringsplan (RM-plan) i samband med byggjeplanen, kan ikkje forskyving av konsekvens til saksnivå erstatte utgreiing av konsekvens på plannivå.

Statsforvaltaren finn at (anslag for) tap og evt. vinst av jordbruksareal er ein vesentleg del av beslutningsgrunnlaget for vedtak av reguleringsplanen, og det er grunnlag for motsegn dersom desse ikkje vert anslått/kvantifisert, og inkludert i konsekvensutgreiinga for planen.

Tilsvarende må anslag/oversikt over produksjon og disponering av matjord som må gjenbrukast til jordbruksføremål inngå i plangrunnlaget, som ein del av masserekneskapen, og som grunnlag for vurderingar av kor mykje jordbruksareal som kan, eller må, reetablerast/jordforbetrast, evt. nydyrkast.

Vidare har Statsforvaltaren kommentarar til følgjande, landbrukrelevante konsekvensar:

Plankartet viser rettleiande plassering av avkøyringar til landbrukseigedommar eller spreidd busetnad, ref. føresegn §2.7. Nokre av avkøyringane dekkjer fleire jordbruksteigar, der tilkomst gjennom naboteig kan bli fjerna som følgje av vegutbygginga. Dette må det takast høgde for i den vidare planlegginga, slik at ikkje drivverdige teigar vert utilgjengelege for jordbruksdrift.

Moglegheitene for landbruksdrift i Austrepollen er sterkt avgrensa av topografi og jordbruksareal, noko som gjer det ekstra viktig å ivareta driftsgrunnlaget for dei bruka som framleis driv. Den største og mest kritiske konsekvensen av planen er knytt til eitt bruk, 54/7, som driv eit mindre storfehold med avgrensa jordressurs (90 daa dyrka, under halvta godt grovforareal). Statsforvaltaren ventar at utbyggar legg særskilt vekt på avbøtande/kompenserande tiltak til nytte for denne drifta.

Referat frå dialogmøte 24.04.2026:

Etter at kommunen vart gjort kjend med dei aktuelle motsegnspunkta frå Statsforvaltaren, ønska Kvinnherad kommune eit dialogmøte om planen. Møtet vart halde digitalt den 24.04.2026. Til stades i møtet var representantar frå Vestland fylkeskommune, Rambøll, Kvinnherad kommune og Statsforvaltaren i Vestland:



Kvinnherad kommune:

- Synnøve Handeland
- Anne Lise Næs

Vestland fylkeskommune

- Lars Tore Martinsen
- Håvard Fremgaard Fiksen

Rambøll

- Ole Johan Sæverås
- Ragnhild Børke Andresen

Statsforvaltaren i Vestland

- Sarah Kvåle Skouen
- Eirik Brynjelsen
- Mikael Jørgensen
- Solveig Kalvø Roald
- Ingrid Leirvik Olsen
- Nicolas Johan Ingebrigtsen Rodriguez
- Fredrik Arnesen

Møtet vart innleia med at Statsforvaltaren kort gjorde greie for prosess knytt til dialogmøte og moglege motsegner. Målet er å finne løysingar og unngå motsegn til planforslaget.

Kvinnherad kommune viste til at det er mange tema som det er naturleg å utgreie meir.

Statsforvaltaren viste til krav om alternativvurderingar i forskrift om konsekvensutgreiingar § 19, og til at det ikkje var synleggjort alternativvurderingar i planforslaget. Vi trakk særleg fram deponiet i Kaldaholet som konfliktfylt då det har svært store naturverdiar.

Det kom fram at det tidlegare i prosessen har vore sett på aktuelle deponiområde i området, og at ein «landa» på dei som er i planforslaget. Dette var før ein gjorde kartlegging av naturmangfald. Det har vore noko utfordrande å koordinere med Statnett som byggjer ut Mauranger II i same område som òg har trong for massedisponering. Dette vert utbygd under anna lovverk. Ein forsøker å ta omsyn til deira interesser samstundes, men det er utfordrande då det er knytt noko usikkerheit til løysingar av alternativ hjå dei. Mauranger II har betre tid, då dette prosjektet truleg ikkje vil realiserast før 2034. Det er ikkje anna tilgjengeleg areal innanfor planområdet. Statsforvaltaren peika på at massehandsaming no også er eit nasjonalt viktig tema, som frå 2025 kan utløyse statleg motsegn til planar jamfør rundskriv T-2/16. I dette tilfellet er det særleg viktig å sjå konsekvens for verdifullt naturmangfald saman med handsaming av massar – som vi legg til grunn vert tilrettelagt for vidare berekraftig bruk så langt det er mogleg.

Kvinnherad kommune vil ta ein runde til for å vurdere alternative løysingar, særleg for deponiet i Kaldaholet. Ein ynskte dialog med Statsforvaltaren i prosessen. Statsforvaltaren var opne for dette.

Statsforvaltaren viste til manglande vurderingar knytt til heilskapleg masseforvaltning. Vi viste til nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 punkt 44, der heilskapleg masseforvaltning skal avklarast i regionale og kommunale planar. Vidare at planar for større byggje- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis nødvendig areal til handteringa skal sikrast.



Rambøll viste til at dette har vore vurdert. Noko stein vil mellom anna nyttast til gjenoppbygging av tunnel og veg i planen.

Statsforvaltaren stilte spørsmål kring kvalitet og gjenbruk av massane. VLFK viste til at det var stein av god kvalitet med same eigenskapar som stein frå Folgefonntunnelen. Det er ikkje berekna kor mykje som kan gjenbrukas. Det er trong for å deponere om lag 250-300.000 m³ med masse frå prosjektet. Statsforvaltaren viste til at det var usikkerheit knytt til at det kunne komme masser frå andre prosjekt. Rambøll viste til at det var vanskeleg å vurdere behov for Mauranger II. Statsforvaltaren saknar meir informasjon om masser frå Mauranger II, då massar derfrå er ein del av denne reguleringsplanen.

Statsforvaltaren peika på at det er viktig at massane vert tilgjengeleggjort som ein ressurs, og at tida for reine deponi skal vere tilbakelagt. Det er viktig at ein arbeider vidare med å nytte massane som ein ressurs som kan brukas i andre prosjekt. Planen må såleis sikre slik tilgjengeleggjering av massane for framtida.

VLFK viste til at dei måtte ha armslag for å byggje tunnelen. Kvinnherad kommune trakk fram at ein kunne vere tydelegare på kor mykje som var tilgjengeleg. Til dømes ligg det inne eit forslag om utfylling i Austrepollen i ny KPA som snart kjem på høyring der ein kanskje ville ha trong for masser i framtida.

Rambøll viste til at i planen for masselager ved Veasteinen skal deponiet vere tilgjengeleg for uttak i ein 10-års periode. Statsforvaltaren meinte tilsvarande løysing kanskje kunne vere ok. Ein viste vidare til at det er ein statleg forventning om at massehandtering må avklarast på plannivå. Dette må drøftast og synleggjerast i plandokumenta.

Statsforvaltaren viste til at det er forventningar om ein massehandteringsplan i prosjekter av denne storleiken. Det var spørsmål om kva ein slik massehandteringsplan skulle innehalde. Statsforvaltaren viste til rettleiar frå Oslo kommune og nemnde konkret til dømes omtale av kvalitet på massane, bruksområde, behov, tidsperspektiv, avbøtande tiltak, og transport. Massehandteringsplanen skal vere eit levande dokument som følgjer prosjektet vidare til gjennomføringsfasen.

VLFK viste til at det kunne vere trong for masser ulike stader. Kvinnherad kommune viste til at det til dømes er under planlegging fleire djupvasskaier i kommunen som vil kunne trenge masser i løpet av ein 10-20 årsperiode.

Statsforvaltaren stilte vidare spørsmål om bruk av eksisterande/tidlegare massedeponi og kva som ligg der frå før. VLFK viste til at dette var masser frå Jondalstunnelen. Dei var ikkje syredannande og ikkje ureina. Statsforvaltaren viste til at dette må synleggjerast i plandokumenta. Kvinnherad kommune meinte òg ein måtte klargjere dette.

Statsforvaltaren spurte om ein la opp til steinknusing, og om ein hadde vurdert støy frå steinknusing. VLFK/Rambøll stadfesta at det ville vere steinknusing i samband med tiltaket. Statsforvaltaren viste til at det var behov for utgreiing av støy frå knuseverk og regulering av dette, mellom anna i føresegnene i høve til driftstider mv. Dette vart teke til vitande.

Tilhøve knytt til vassdrag og sjø vart diskutert. Statsforvaltaren viste mellom anna til at vassdrag har førekomst av anadrome artar og at det ikkje er klassifisert kjemisk tilstand i vassdraga. Ein viste vidare til at det må dokumenterast at tiltaka ikkje ytterlegare vil forringe vassførekomstane, og at



miljømål skal leggjast til grunn jf. vassforskrifta. Statsforvaltaren viste til ny rettleiar for vassmiljø i arealplanlegging frå Miljødirektoratet. VLFK viste til VA-rammeplanen som omhandla deler av dette. Statsforvaltaren viste til at planmyndigheit må vurdere om § 12 i vassforskrifta vil komme i bruk. Dette må ein gjere så tidelig som mogleg i prosessen og det må drøftast på dette plannivået. Rambøll viste til at det ligger ein del i føresegna, men at dette kan strammast opp noko. Statsforvaltaren viste til at dimensjonering òg har ein arealfunksjon som må leggjast til grunn.

Det vart diskutert litt kring landbruk. Statsforvaltaren saknar avgjerdsgrunnlaget knytt til tap og evt. vinst av jordbruksareal og tilsvarande anslag/oversikt over produksjon og disponering av matjord som må gjenbrukas til jordbruksføremål. Vi vil vidare tilrå føringar for avbøtande tiltak. VLFK viste til at dei hadde god dialog med grunneigarar i området.

Statsforvaltaren konkluderte avslutningsvis at det var einigheit om at det er manglar i planforslaget. Statsforvaltaren ønsker ikkje å nytte motsegn på noverande tidspunkt, men foreslår utsett medverknad frem til eit nytt planforslag ligg føre. Kvinnherad kommune var einig i dette, og ville gå nærare inn på dei temaa som Statsforvaltaren løfta.

Konklusjon

Det var einigheit om at kommunen skulle arbeide vidare med planen. Statsforvaltaren legg då til grunn at kommunen har utsett medverknaden i saka (jf. pbl. § 1-4). Dette gjeld òg retten til eventuelt å fremje motsegn, fram til endra planforslag ligg føre og Statsforvaltaren har gitt endeleg uttale.

Vi er opne for ein vidare dialog i denne fasen, dersom kommunen ønskjer det.

Skulle kommunen likevel kome til at ein vil ta planen opp til slutthandsaming, vil dette brevet vere å sjå på som motsegn, og alternativet er å be om mekling, jf. pbl. § 5-6.

Statsforvaltaren takker for god dialog så langt i prosessen.

Med helsing

Sarah Kvåle Skouen
konst. seksjonsleiar

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN